

# Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

1. mars 2016 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 20.00

*Til stades på møtet var 13 personar. 12 av desse hadde røysterett.*

*Referent: Sigrid Kjøbli*

## **SAK 1 OPNING AV MØTET**

### **1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

### **1.2 Val av møteleiar**

Vedtak: Rune Hernes Bjerke vald til møteleiar.

### **1.3 Val av skrivar**

Vedtak: Sigrid Kjøbli vald til skrivar.

### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

Vedtak: Lasse Pettersen og Ruth Amdahl valde til å skrive under møteboka.

### **1.5 Val av teljekorps**

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Eirik Pettersen valde som teljekorps.

## **SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2015**

### **2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**

*Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz, Lasse Pettersen, Anne Cathrine Johansen*

Meldinga vart presentert av leiar Anbjørg Myhra Bergwitz.

Det har vore ei auking i tal medlemer, og dette er styret veldig glade for.

Det har ikkje kome med i årsmeldinga at fleire medlemer deltok på Nordlek i år. Det var om lag 10 deltakarar. Styret vil oppdatere årsmeldinga.

Under punkt 1.13 vart det kommentert at Leikarringen har sendt medlemer på kurs i 2015, og at dette ikkje kjem fram.

Under punkt: 1.14 må det oppdaterast at Gunnvald Grønvik er styremedlem i

Bondeungdomslaget, og ikkje varamedlem. Det må også oppdaterast at det er medlemer som er med i Bunadnemnda i hovudlaget, dette bør koma med.

*Årsmøte tok meldinga frå styret til vitande, med 4 endringsforslag, som nemnt over.*

## **2.2 Melding frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen*

Meldinga frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda vart gått igjennom av ordstyrar Rune Hernes Bjerke. Det vart opna for ytterlegare kommentarar.

På meldinga frå Bunadnemnda vart det kommentert at det har vore noko utleige av bunader, mellom anna ei jakke. Medlemer vert oppmoda om å søkje om å låne bunad til eigne arrangement.

Det vart også nemnt at bunadane er ikkje i særskild god stand, særleg jentebunadane.

*Årsmøte tok meldinga frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda til vitande.*

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.

## **SAK 3 REKNESKAP FOR 2016**

### **3.1 Rekneskap**

### **3.2 Balanse**

*Desse hadde ordet i saka: Ruth Amdahl, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Rune Hernes Berke.*

Rekneskap og balanse vart lagt fram av Anbjørg Myhra Bergwitz.

Det kom spørsmål om kva framsyningsdansarane fekk då dei var med på framsyning og fekk ein «symbolsk sum». Leiaren svara at dette var om lag 200 kroner.

Det kom spørsmål knytt til fondet som er ein eigen post i rekneskapen. Fondet vart oppretta for å lage eiga hytte for Leikarringen, for ca. 10 år sidan. Det vart laga eigne statuttar for fondet.

Styret skal finne igjen desse statuttane og setje seg inn i saka.

Det vart spurt om kvifor lønskostnader er så lagt unna budsjett. Svaret er at det ikkje vert arrangert leikfest i 2015. Lønskostnadane for eksterne instruktørar og musikarar har auka noko, samstundes som honorara for dei interne har vore senka.

Det kom spørsmål om prosedyrar rundt revisjon. Det vart opplyst om at lagskontoret har denne jobben. Sida rekneskapen for heile laget skal reviderast under eitt, bidreg dette til at det er eit ekstra press på lagskontoret i denne perioden. Det er forklaringa på at dette kom litt seinare enn dei andre årsmøtepapira.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.

## **SAK 4 PLANAR**

### **4.1 Planar for 2016**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Audun Grüner-Hegge.*

Planar for 2016 vart lagde fram av nestleiar Audun Grüner-Hegge.

Dans på Ensjøtunet held fram, men dette er ikkje kome med i sakspapira.

Styret ynskjer å ha med i planane at ein også i 2017 oppmodar medlemmer til å dra på Sørmarkakurset i januar, arrangert av SAFFA.

Det vart spurt om innhaldet i fellesrepertoaret kan sendast ut. Styret svara at innhaldet i ei framsyning vil, inntil vidare, variera avhengig av den førespurnaden som kjem inn.

Det vart stilt spørsmål ved førespurnaden frå NU om instruktørkurs, og det vart peika på at dersom dette blir aktuelt, har BUL mange aktuelle kandidatar. Denne saka er ikkje tatt opp i styret enno, men innspelet vart tatt til vitande.

Vedtak: *Årsmøtet tok planane for 2016 til vitande.*

## **SAK 5 MEDLEMSPENGAR FOR 2017**

Saka vart presentert av Rune Hernes Bjerke.

Vedtak: *Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2017 blir ståande uendra.*

## **SAK 6 BUDSJETT FOR 2016**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Anbjørg Myhra Bergwitz.*

Budsjettet vart lagt fram av Audun Grüner-Hegge.

Praksisen for kven som får gåver, og når det delast ut gåver, er ikkje skrive ned, men det er ein fastlagt praksis som følgjast.

Anbjørg Myhra Bergwitz opplyste at ho nyleg fekk oppklara summen i posten som gjaldt forsikring av lagsdrifta. Dette gjeld hovudsakleg bunader og sølv. Posten for forsikring skal eigentleg vere på kr 4 000, og ikkje 5 600 slik det står i budsjettet.

Støtte til deltakaravgift til diverse arrangement vart diskutert. Mellom anna blei det trekt fram at det finnast fleire arrangement der Leikarringen kan representerast, men som styret ikkje har

sett på. Styret oppmodar til at alle medlemmer søker om midlar til dei arrangementa ein tykkjer er aktuelle å støtte. Styret sit ikkje nødvendigvis med den fulle oversikten over alle aktuelle arrangement.

*Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2016 med dei nemnde kommentarane og endringane over..*

## **SAK 7 REVISJON AV LOVER OG STYRINGSFØRESEGNER**

*Desse hadde ordet i saka: Dag Vårdal, Bjørn Nilsen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Lasse Pettersen, Evald Fredholm.*

Saka vart lagt fram av Rune Hernes Bjerke.

Det vart kommentert at nynorsken er særst bra. Årsmøte godkjende dei generelle endringane, som handla om grammatikk.

Kommentar lover § 4: I lagslova står det at det skal vere minst 5 medlemmer for å sikre fleirtalsstemme. Styret svara at det står i føresegnene at leiar har dobbelstemme ved like stemmer.

Kommentar lover § 8: Det står at ein trengt 2/3 fleirtal for å gjere vedtak på årsmøtet, men ikkje kor mange ein krev at møter opp. Det vart ikkje vedtatt endringar på dette.

Kommentar styreføresegner § 5: Skrivarrolla kunne hatt ansvar for å føre nødvendig statistikk om kven som kjem på øvingane, eller har kome på fest og liknande. Forslag til endring i § 5: Skrivaren skal føre referat frå alle møte *og alle tilskipingar*, og ha ansvar for nettstad og sosiale medium.

Kommentar til styreføresegner § 3 til § 5, og til tidlegare § 6 og § 7, om roller i styret: Stryking av oppgåver i styreføresegnene betyr ikkje at oppgåvene ikkje vert utført av styret. Det vil alltid vere noko som gjer dei nødvendige oppgåvene.

Kommentar til styreføresegner, tidlegare § 6 om Bunadstyraren: Dersom det skal vere eit særskilt ansvar i bunadnemnda, bør det også vere ein leiar. Ansvaret kan verte pulverisert om ansvar skal delast.

Vedtak om endring i § 6: «Nemnda vel leiar seg imellom.»

Samstundes omformulerast setninga i styreføresegnene § 8 Rådet: «Rådet vel ordførar og skrivar seg imellom.»

Kommentar til styreføresegner § 6 Bunadnemnd: Det vart føreslått at Bunadnemnda byter namn til noko som famnar heile breidda av det som skal forvaltast. Styret tek med seg innspelet.

Kommentar til styreføresegner § 7 Rettleiarar: Årsmøtet såg på om siste setning om rettleiaren sin påverknad på programmet, bør endrast. Ein kom fram til at det ikkje er behov for å endra formuleringa.

Kommentar til styreføresegner § 12 Heidersmerke: Paragrafen har ikkje blitt endra, fordi dette vil kome som ein styresak seinare.

Kommentar til styreføresegner § 15: Det gir ikkje lenger meining at rettleiarane går gratis inn på tilskipingar.

Vedtak: «rettleierane» strykast frå § 15.

Vedtak: Dei føreslåtte endringane i lover og styreføresegner vert samrøystes vedtatt, med endringane over.

## **SAK 8 VAL**

Valnemnda si innstilling vart lagt fram av Anne Cathrine Johansen, som representant for valnemnda.

*Valet vart gjennomført med dette resultatet:*

### **Styret i Leikarringen:**

Leiar: Anbjørg Myhra Bergwitz

Styremedlemer 2 år: Audun Grüner-Hegge, Simon Hesselberg Løvald (ikkje på val), Sigrid Kjøbli (utfyllingsval)

Varamedlemer 1 år: Solveig Brekke Hauknes, Lasse Pettersen

### **Bunadnemnda:**

Turid Rønning, Anne Cathrine Johansen, Lasse Pettersen

### **Styret i Barnelaget:**

Årsmøtet i Leikarringen gjev styret fullmakt til å utnemne medlemer på eit seinare tidspunkt.

### **Rådet i Leikarringen:**

Steinar Hernes (ikkje på val), Eirik Pettersen (ikkje på val), Victoria Carlin (ikkje på val)

Rune Hernes Bjerke og Astrid Skrindo vert valde av årsmøtet.

**Framlegg til valnemnd frå årsmøtet:**

5 medlemmer for eitt år: Audun Stokke Hole, Eline Nordseth Berg, Lina Hennem, Lisa Grav  
Henriksen, Rita Sirirud Strandbakke

Då dette er tilstrekkeleg tal medlemer, vert det ikkje valde varamedlemer.

Stad og dato:

*Oslo, 05.04.2016*

*L. A. Pettersen*

Lasse Pettersen  
møtebokunderskrivar

*Ruth Amdahl*

Ruth Amdahl  
møtebokunderskrivar